

Plan for psykisk helse

2007 - 2010



Luster kommune

Vedteken av Luster kommunestyre
25.01.2007, sak 11/07

INNHALD:

1. Bakgrunn og mål for arbeidet med psykisk helse i Luster kommune
 2. Bustader
 3. Meistring, arbeid og utdanning, sosialt fellesskap og meningsfylte aktivitetar
 4. Fagleg innhald og samhandling i psykisk helsearbeid
 5. Folkehelsearbeid og førebygging av psykiske lidningar
 6. Brukarperspektivet og Brukarmedverknad
 7. Kvalitetsarbeid og internkontroll
 8. Lovgrunnlaget.
 9. Individuell plan
 10. Planarbeid
 11. Informasjon
 12. Mål for planperioden
 13. Handlingsprogram
 14. Økonomiplan
 15. Framlegg til tiltak
-

1. BAKGRUNN OG MÅL FOR ARBEIDET MED PSYKISK HELSE I LUSTER KOMMUNE

Dei siste 25 åra har det skjedd store endringar internasjonalt og nasjonalt med tenestetilbodet til menneske med psykiske lidningar. I Noreg er institusjons-kapasiteten i spesialisthelsetenesta sterkt redusert sidan slutten av 1970-tallet, medan lokalbaserte tilbod som distriktpspsykiatriske sentra (DPS) og kommunale tenester er under oppbygging.

Dette er ei utvikling som er i tråd med anbefalingar frå Verdens Helseorganisasjon WHO(WHO 2001) og Helsinki 2004.

Ein stadig større del av den spesialiserte behandlinga vert utført poliklinisk, samstundes som det vert gjeve tenester i kommunane. Dette inneber at det er trong for nye samarbeidsmodellar og ny kompetanse i kommunane og i spesialisthelsetenesta.

Sentralt for utbygginga av psykisk helsearbeid i kommunane er Opptrappings-planen for psykisk helse 1999-2006 (St.prop.nr.63 (1997-98) som legg opp til ei klar styrking av det psykiske helsevernet og det psykiske helsearbeidet. Proposisjonen bygger i stor grad på St.meld.nr.25 (1996-97) Åpenhet og helhet. Om psykiske lidningar og tenestetilboda.

I 2006 går gjennomføringa av Opptrappingsplanen på det niande året. Det har vore ein omfattande prosess som konkluderte med fylgjande 8 hovudutfordringar:

- Førebygging
- Meistring
- Tilgjengelegheit
- Samhandling
- Brukarmedverknad
- Fagleg innhald i tenestene
- Kunnskap og tillit
- God ressursutnytting

Helse- og omsorgsdepartementet har varsla at oppfølging av arbeidet med psykisk helse skal baserast på desse åtte områda.

Psykisk helsearbeid i kommunen

Definisjon

Psykisk helsearbeid i kommunen er tiltak retta inn mot menneske med psykiske lidingar og konsekvensen av lidinga hos den einskilde, deira familiar og nettverk. Psykisk helsearbeid er både eit kunnskaps- og eit praksisfelt, og det omfattar og arbeid på systemnivå som førebygging av lidingar, opplysningsarbeid og anna arbeid for å unngå stigmatisering og diskriminering.

Målsettinga med psykisk helsearbeid i Luster kommune er å bidra til å fremja sjølvstende, tilknytning og styrke evna til å meistre eige liv for menneska med psykiske lidingar. For å nå dette må det vera målretta, fagleg fundert og samordna innsats og fortrinnsvis gje eit tilbod i brukaren sitt nærmiljø i tråd med LEON-prinsippet (Laveste Effektive Omsorgsnivå).

Leiaransvar og organisering

Luster kommune er ein tradisjonell jordbrukskommune som ligg inst i Sognefjorden. Innbyggjarane i kommunen er spreidd over fleire mindre bygder, med tettstaden Gaupne som kommunesenter. Folkesetnaden er på 4891 pr. 01.01.06, og har vist ein svak nedgang dei seinare åra. Samanlikna med landet har Luster eit større tal unge under 17 år og eldre over 67 år, i høve talet på folk i yrkesaktiv alder.

Luster kommune har etter ein omorganisering delt den tidlegare Helse- og sosialetaten i ei resultateining for sosial og ei for helse, med høvesvis sosialeiar og helsesjef som leiarar for einingane. Desse har ansvar for at det blir eit heilskapleg tilbod til brukarane i kommunen. Psykisk helseteam er organisert under Helseeininga, saman med legekantoret, helsestasjon, fysioterapi og ergoterapi.

I tillegg til helseeininga og sosialeininga har kommunen ei pleie og omsorgeining, med tre soner, kvar med eigen soneleiar og omsorgssenter.

Det psykiske helsearbeidet i Luster kommune er i ein opptrappingsfase.

For personar med alvorlege psykiske lidingar er det behov for eit breitt spekter av tenester med krav til både formell kompetanse og annan real kompetanse. Dette stiller kommunen overfor ei utfordring mht korleis det psykiske helsearbeidet best kan organiserast.

Krava som stilles:

- Sikre eit tenestetilbod som vert opplevd heilheitleg og koordinert (inneber godt samarbeid inne i kommunen og med andre som skal yte tenester eller behandling)
- Sikre eit godt fagmiljø slik at brukarane får eit kvalitativt godt tilbod og at dei som arbeider med psykisk helse opplever fagmiljøet som stimulerande.
- Sikre at brukaren behandlast med respekt, både som individ og gruppe samt at brukaren, og som individ og gruppe, har tillit til dei som skal utøve tenesta og opplever å bli teken med på råd.
- Sikre at psykisk helsearbeid skjer med basis i eit felles verdigrunnlag
- Sikre kontinuitet for brukaren gjennom stabile relasjonar og færrest mogleg å forhalde seg til

- Sikre at personar som har behov for hjelp får hjelp - at det psykiske helsearbeidet blir tydeleg nok i organisasjonen og presentasjonen av dei utad.
- Sikre at menneskje med psykiske lidningar får et tilstrekkeleg tenestetilbod i tråd med dei retter einskildmenneske og grupper av personar har etter lova.

Det er eit leiaransvar for å sjå til at desse krava vert ivareteken gjennom eit kontinuerlig kvalitetsarbeid. Då kommunen har fordelt ansvaret for psykisk helse på ei rekke einingar, må leinga sørge for at det er god koordinering av desse, slik at brukaren får eit heilheitleg tilbod basert på felles ansvar.

Einingane som yter tenester må og ta ansvar for psykisk lidande som ikkje sjølv oppsøker tenesteapparatet.

Luster kommune har ein vedteken psykiatriplan frå 1998. Planen har gått fram til og med 2006. Sentrale element i opptrappinga av tilbodet til pasientar med psykiske lidningar er å auke stillingsheimlane samt oppbygging av dagtilbod.

Desse måla er nådd ved at ein i dag har etablert eit eige psykisk helseteam med 3 psykiatriske sjukepleiarar og ein aktivitør. Desse utgjer til saman 370% stillingar. Psykiatrimidlane dekker og eit engasjement for helsesøster i 60% stilling på Helsestasjonen samt 100% stilling i førebyggjande barnevern organisert under sosialkontoret.

Både fastlegane, tilsette i omsorgstenestene, sosialkontoret, psykisk helseteam og støttekontaktane gjer eit viktig arbeid for personar med psykiske lidningar.

Det blir gjort eit godt arbeide for personar med demens på dei 3 omsorgssentra. Psykisk helseteam er rådgjevarar og vegleiarar for dei tilsette i sonene. Det er etablert eit eige demensteam som er i oppbygging.

2. BUSTADER

Nasjonalt er ca 40% av pasientane i langtidpsykiatrien utan fast bustad. Dette kan vere ei viktig årsak til manglande rehabilitering. Staten har gjennom Husbanken gjeve lån til bygging av bustadar for denne gruppa.

Luster kommune er i gang med å bygge 3 bustader med fellesareal for personar med psykiske lidningar. Bustadane skal vere innflyttingsklare i 2007.

3. MEISTRING - ARBEID - UTDANNING, SOSIALT FELLESSKAP OG MEININGSFYLTE AKTIVITETAR

Arbeid og utdanning.

Deltaking i arbeidslivet er ei sentral verdi i samfunnet. Løna arbeid har vesent-leg tyding for den einskilde sin økonomi og bidreg til innflytelse og sjølvstende.

Ei rekke arbeidsoppgåver kan ein tilby som tilrettelagt kommunalt arbeid og gje menneske med variabel funksjon mulighet til å yte det dei meistrar. Meistring, sjølvtilitt og sjølvrealisering er i stor grad knytt til arbeid. Eit nært samarbeid mellom kommunal helse- og sosialteneste, spesialisthelsetenesta, NAV-kontoret, arbeidsgjevar og frivillige organisasjonar er viktig. Utgangspunktet vil vera brukaren sitt behov, ynskjer og ressursar.

Kommunen har i dag arbeidstilbod v/ATS og Luster Arbeidssenter. Psykisk helseteam tilbyr kurs i depresjonsmeistring (KID-kurs) 1 – 2 gongar pr år.

Sosialt fellesskap og aktivitetar.

Sosial samhandling og praktiske ferdigheiter er nødvendig for å kunne greie seg i arbeid. Dette er ferdigheiter som kan trenast. Denne type trening er eit kommunalt ansvar etter sosialtenestelova.

Psykisk helseteam har i dag tilbod om sosialt samvær på møteplassen omtalt som ”HUSET”, i Nesgården i Gaupne. På ”HUSET” får brukarane trening i det å vera saman, trening i ulike gjeremål, anten i grupper eller ein til ein aktivitetar.

”**HUSET**”, **møteplassen til psykisk helseteam**, legg til rette for aktivitetar som brukarane med psykiske lidningar opplever som meningsfulle. Dette er og med og skaper struktur i kvardagen.

Fysisk aktivitet: Treningskontakt er eit godt tiltak for nokre brukarar, og fleire ønskjer seg treningskontakt. Psykisk helseteam har årskort på treningscenteret, som har vore flittig brukt i periodar.

Grøn Omsorg er eit anna tilbod som er med å gi meningsfullt innhald i kvardagen. Eit slikt tilbod inneheld omgang med andre menneske, dyr og ulike aktivitetar knytt til gardsdrift. Dette har ein god erfaring med.

Kultur:

Så langt det er mogleg bør tilsette i kommunen stimulere og støtte menneske med psykiske lidningar til å delta i ordinære kulturaktivitetar.

Brukarorganisasjonen **Mental Helse** er drivkrafta for å få brukarar på kulturelle innslag som teater, kino, kunstutstilling m.m.

Støttekontaktar er viktig for å utvikle sosiale nettverk og unngå isolasjon for menneske med psykiske lidningar.

4. FAGLEG INNHOLD OG SAMHANDLING I PSYKISK HELSEARBEID

Helse- og sosialtenester til menneske med psykiske lidningar utgjer hovudtyngda i kommunens psykiske helsearbeid. Arbeidet omfattar førebygging, utredning og behandling, rehabilitering, oppfølging, psykososial støtte og rettleiing. Psykisk helsearbeid inkluderar også tiltak for å fremja psykisk helse i befolkninga og å førebygge psykiske vanskar. Dette utgjer eit viktig ledd i kommunen sitt folkehelsearbeid.

Oppgåvene til Psykisk helseteam i Luster i dag består av oppfølging og kontakt med personar med langvarige og alvorlege psykiske lidningar. Tilbodet er **direkte kontakt** med brukarar ved heimebesøk, avtalar på kontoret eller telefonkontakt, delta i ansvarsgruppe og arbeid med individuell plan.

Brukarane våre er stort sett tilvist frå andre kommunale tenester, med legetenesta som den viktigaste. Det er sett av vekevis ressurs frå psykiatrisk sjukepleiar i helsestasjonen.

Tverrfaglegheit – eit kjenneteikn ved psykisk helsearbeid

Det er viktig å arbeida tverrfagleg for å gje brukarane det beste tilbodet. Kommunen må sikre at den samla kompetansen vert utnytta best mogeleg, og at det vert gjeve tilstrekkeleg rom for fagleg utvikling. Samarbeidspartnarane til psykisk helseteam i dag er:

- Dei tre pleie og omsorgssonene i kommunen, inkl konsulent for funksjonshemma

- Sosialkontoret
- Helsestasjonen
- Legane
- Skulane
- PPT og kommunepsykolog
- Spesialisthelsetenesta
- NAV-arbeid
- NAV-trygd

Psykisk helseteam mottok rettleiing frå spesialisthelsetenesta (Indre Sogn Psykiatrisenter), samt tilbod om å delta på undervisning. Sosialkontoret, PPT-tenesta og Helsestasjonen har faste samarbeids/rettleiingsmøte med Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Luster kommune sitt kriseintervensjonsteam består av **legane, prestane, diakon, politi, ambulanspersonale og psykisk helseteam**. Kriseintervensjonsteamet er ei beredskapsgruppe som vert kalla saman ved behov, til dømes ved større ulukker og krisehendingar.

Fastlegen si rolle

Fastlegane utreder og behandlar eit stort tal pasientar som ikkje har kontakt med andre delar av helse- og sosialtenesta. Legane er ofte dei fyrste som får kontakt med menneske med alvorlege psykiske lidningar som har trong for ulike tenester. For vidare utredning blir brukarane vist til spesialisthelsetenesta. Fastlegane har ein sentral rolle som dørøpnarar overfor tenester og ytingar. **Dørøpnarmodellen** inneberer at fastlegane bør delta i arbeidsgrupper rundt menneske med psykiske lidningar. Dei må samarbeida med andre hjelparar ved å delta i ansvarsgrupper og i utarbeiding av individuell plan der det er aktuelt. Eit godt fungerande samarbeid mellom fastlegen, anna helsepersonale og annan kommunal teneste er viktig for å sikre heilskapeleg og fagleg gode tenester for den einskilde brukaren. Menneske med alvorlege psykiske lidningar har trong for stabil kontakt og oppfølging over tid. Det er derfor heilt grunnleggjande å oppnå god allianse og samhandling med den einskilde.

5. FOLKEHELSEARBEID OG FØREBYGGING AV PSYKISKE LIDINGAR

Folkehelsearbeid er samfunnet sin totale innsats for å halde oppe, betre og fremje helsa i befolkninga.

Å vera inkludert i eit lokalsamfunn og i sosiale samanhenger er viktig i denne samanhengen. Det er grunnleggjande for arbeidet å styrke verdiar som gjev den einskilde og grupper moglegheiter for ansvar, deltaking, solidaritet, meistring og kontroll i eige liv og situasjon. Gode utbygde tenester er viktige påverknadsfaktorar for god helse .

Førebyggjande psykisk helsearbeid

For å betre tilbodet til barn og unge, samarbeider Psykisk helseteam med skulehelsetenesta, barnevern, kommunepsykolog og PPT. Målet er å nå barn og unge som slit før dei utviklar psykiske problem og vere tilgjengeleg for rettleiing i høve lærarar, foreldre og elevar som kan kome opp i vanskelege situasjonar.

Viktig å styrke innsatsen på helsestasjonen i form av at jordmor i samarbeid med fastlegen, skal ha meir kontakt med dei gravide kvinnene med tanke på risikogrupper.

Førebyggjande arbeid i høve barn og unge som er i gang og som ein ynskjer å halda fram med er:

- Team – 49
- Olweus programmet om mobbing i skulen er i gang,
- ”Alle har ei psykisk helse ” på ungdomsskulen
- VIP i vidaregåande skule (har enda ikkje starta opp)

Danseverkstad, aktivitetsekveld på treningssenteret, fysisk aktivitet gjennom fritidsklubbane og leksehjelp er lågterskeltilbod som kan passe pr. i dag.

Førebyggjande psykiske helsearbeid er eit nasjonalt satsingsområde.

RUSOMSORGA

Ansvaret for det rusførebyggjande arbeidet samt oppfølging av rusmisbrukarar ligg i dag på sosialkontoret. Ein veit at det i stor grad er ein samanheng mellom rusmisbruk og psykiske lidingar, noko som gjer at det er naudsynt med samarbeid mellom psykisk helseteam og sosialkontoret. Folkehelsekoordinatoren arbeider mellom anna mellom rusførebyggjande arbeid i høve barn og unge. Kommunen har 50% stilling som miljøarbeidar som er lagt under sosialkontoret. Han arbeider i forhold til innlegging av rusmisbrukarar og i ettervernsgrupper.

6. BRUKARPERSPEKTIVET. BRUKARMEDVERKNAD. SJØLV-HJELP

Meistring er ein sentral verdi i psykisk helsearbeid, og det er ei overordna målsetting at Opptrappingsplanen skal bidra til å fremja sjølvstende og evne til å meistre eigne liv for menneske med psykiske lidingar. Hjelparen bør legge opp til at brukaren får positive meistringserfaringar og førebyggja opplevingar av avmakt.

Brukarmedverknad er ei arbeidsform der einskilde personar eller organisasjonar er med og påverkar dei ulike tenestene. Tenestene treng brukarmedverknad for å rette opp svikt og skape betre teneste. Dersom brukaren i større grad kan påverke omgivnaden gjennom eigne val og ressursar, vil det kunne påverke sjølvbildet på ein positiv måte og dermed styrkja brukarens motivasjon. Dette vil dermed kunne bidra positivt til brukarens betringssprosess. I motsatt fall kan den hjelpeløyse mange brukarar opplever, bli forsterka. Brukarmedverknad har også ei eigenverd fordi menneske som søker hjelp gjerne vil styre over viktige delar av eige liv, ta imot hjelp på eigne premissar og bli sett og respektert i kraft av sin grunnleggjande verdigheit. Ein tenkjer at møteplassen vår; ”Huset”, kan verta delvis brukarstyrt .

I samband med utarbeiding av ny plan for det psykiske helsearbeidet, vart det arrangert eit ope møte på Luster rådhus. 15 personar deltok. Brukarorganisasjonen Mental Helse vart invitert til å delta i planarbeidet, og to representantar har vore med i utarbeiding av planen.

I løpet av 2007 skal det gjennomførast ei brukarundersøking.

7. KVALITETSARBEID OG INTERNKONTROLL

INTERNKONTROLL handlar om verksemda si interne styring og kontroll for å sikre forsvarlege tenester.

KVALITETSFORBETRING

Kjenneteikn på god kvalitet i tenesta er:

- at dei er effektive
- at dei er trygge og sikre

- at dei involverar brukarane og gjev dei medverknad
- at dei er samordna og prega av kontinuitet
- at ressursane vert utnytta på ein god måte
- at dei er tilgjengelege og samordna

TRYGGLEIK OG TILLIT er naudsynt for samarbeid mellom brukar og hjelpar, og at det blir bygd opp over tid. Tryggleik er å vite at ein kan få hjelp når behovet er der og at det er lett å få kontakt med fagfolk. Kvalitetsarbeidet handlar om å organisere tenestene på ein måte som gjev rom for både fleksibilitet og kontinuitet. Å bli møtt med respekt og omtanke i kombinasjon med fagleg og god behandling, vil for dei fleste være uttrykk for god kvalitet.

8. LOVGRUNNLAGET. SAKSHANDLING

Lovgrunnlaget

Lovgrunnlaget som regulerer tenestene er som følgjar:

- Lov om sosiale tjenester
- Lov om helsetjenesten i kommunene
- Lov om helsepersonell
- Lov om pasientrettigheter
- Lov om statlig tilsyn med helsetenesta
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker

Andre lover som får konsekvens for kommunanes psykiske helsearbeid og som forvaltaast av ulike deler av tenesteapparatet:

- Lov om spesialisthelsetenesta
- Lov om Psykisk helsevern
- Lov om folketrygda
- Lov om barnevern
- Lov om sysselsetting
- Lov om opplæring

I tillegg er det rundskriv og forskrifter som er med å regulere tenesta:

- Opptappingsplanen for Psykisk helse 1999-2008
- Forskrift om Individuelle planar 2001
- Stortingsmelding 25, Åpenhet og Helhet, 1996, om psykiske lidelser og tjenestetilbudene
- Omsorgsbustader til menneske med psykisk lidning

Andre sentrale føringar som er viktige :

- Nasjonale mål, hovudprioriteringar og tilskot 2002:
 ”Barn og unge har vore lavt prioritert ved disponeringa av tilskotta i mange kommunar. Det er viktig at desse kommunane nå vektlegg etablering av tiltak for barn og unge. Dette gjeld både førebyggjande tiltak retta mot psykososiale problem og psykiske lidningar, tiltak for barn og unge i risikosona, og barn og unge som allereie har utvikla problem.”
 Tiltak særlig for barn og unge:- Utbygging av psykososiale tenester og støttekontaktar, kultur- og fritidstiltak for barn og unge- styrking av helsestasjons og skolehelsetenesta”

Opptrappingsplanen for psykisk helse 1999-2008

er eit av dei viktigaste dokument som dannar grunnlag for kommunen sine tiltak.

Her står det: ”I praksis betyr dette at den enkelte kommunes tilbod til denne gruppa må omfatte følgjande grunnelement:

- Tilfredsstillende bustad med tilstrekkeleg bistand
- Muligheiter til å delta i meningsfylte aktivitetar
- Muligheit til å inngå i et sosialt fellesskap
- Nødvendige helsetenester ”

” Tiltak til menneske med psykiske lidingar – førebygging av psykososiale problem:

- Styrking av brukarretta tiltak og informasjon
- Kompetanseheving og rekruttering av helsepersonell
- Tilbod om bustad – fleire omsorgsbustader
- Styrking av heimebaserte tenester
- Dagsenter og andre aktivitetstilbod til fleire
- Fleire støttekontaktar
- Utbygging av kultur og fritidstilbod
- Styrking av tilrettelagte tenester og støttekontaktar, kultur og fritidstiltak for barn og unge
- Styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta.”

9. INDIVIDUELL PLAN er brukaren sin eigen plan

Alle som har behov for langvarige og koordinerte tenester har rett til å få individuell plan, og tenesteapparatet skal legge til rette for dette. Intensjonen med individuell plan er å gje brukaren større tryggleik og forutsigbarhet, avklare ansvarsforhold og sikre samordning.

Kommunen har hovudansvaret for ein individuell plan.

Personar som er under tvangsbehandling **skal** ha ein individuell plan.

Luster kommune er med i et prosjekt som fylkesmannen arrangerer ” Å ta brukaren på alvor”. Prosjektperioden varar frå aug.-06 til våren -08. Individuell plan er tema for Luster si nettverksgruppe. Målsettinga er: Alle brukarar i pleie og omsorg og helse i Luster kommune som har behov for IP, individuell plan, har ein koordinator som sikrar brukarmedverknad i arbeidet med planen.

Luster si nettverksgruppe er forankra på rådmannsnivået, er samansett av fysioterapeut, konsulent for funksjonshemma, sjukepleiar frå pleie og omsorg og psykiatrisk sjukepleiar.

10. PLANARBEIDET

Plan for psykisk helse går inn i det ordinære planarbeidet i Luster kommune og gjeld for perioden 2007-10, og skal dermed dekke overgangen til verksemda etter at Opptrappingsplanen er avslutta og kommunen går over til permanent drift av det psykiske helsearbeidet. For at kommunen skal ha rimeleg tid på denne oppdateringa, er fristen på oppdatert og politisk vedteken plan sett til 15.februar 2007. Vilkåra for utbetaling av

øyremerka tilskot er at kommunen oppdaterer planen for det psykiske helsearbeidet og slik at planen omfattar planperioden 2007-10.

11. INFORMASJON

Psykisk helseteam har utarbeidd brosjyre om tilbudet til Psykisk helseteam som er tilgjengeleg fleire stader.

Lustranytt som går ut til alle som bur i Luster har fleire gonger presentert Psykisk helseteam og deira tenester.

VERDAS DAG FOR PSYKISK HELSE som er 10. oktober blir markert på fleire måtar både kommunalt og i interkommunalt samarbeid:

- Stand på Pyramiden
- Turmarsj
- Open dag på Rutlin, Indre Sogn Psykiatri Senter med ulike tema
- Brukarhjelpar seminar

12. MÅL FOR PLANPERIODEN 2007 – 2010

Betre tilbudet innafor psykisk helsearbeid.

Målet for "HUSET", møteplassen til Psykisk helseteam er at det skal vere mest mogleg styrt av brukarane ut i frå deira premisser og ønskjer.

13. HANDLINGSPROGRAM:

- Auke kompetansen i høve arbeidet med barn og unge si psykiske helse.
- Frå sommaren 2007 er dei kommunale bustadene klare for innflytting.
- Auke midlane til støttekontakt og treningskontakt.
- Tilby fleire varierte aktivitetar t.d. innan musikk, maling, ulike kurs, m.m.
- Gi utvida tilbud til einskildpersonar og familiar som slit i ekstra i periodar
- Auke tilbudet Grøn omsorg
- Opprette fleire tilrettelagde arbeidsplassar

Med det arbeidet som blir gjort og med dei planar ein har for auka aktivitet vurderer ein at den kommunale innsatsen for menneskje med psykiske lidingar er godt ivareteken og at ein stetter dei ulike behova. Tilbudet er eit lågterskeltilbod til pasientar og deira familie. Det er særleg fokus på førebygging hos barn og unge. Den valde organiseringa av tenesta blir vurdert som god og gjer fokus på fagleg innhald. Samarbeid på tvers av kommunale einingar og mot spesialisthelsetenesta er prioritert.

14. ØKONOMIPLAN

Kommunen har finansiert oppbygging og drift av psykiatritilbodet gjennom opptrappingsmidlane frå staten.

I 2006 fekk vi kr 3.011.000,-.

Dette beløpet vil i 2007-08 bli vidare trappa opp, jf tabell under.

Frå 2009 vil tilskotet bli som i 2008 og lagt inn som del av kommunen sine frie midlar (rammetilskotet).

Økonomiplan (1.000 kr og årsverk):

Tiltak og tenester	B-2006	2007	2008	2009	2010
Tiltak vaksne		100% stilling Miljøarbeidar Frå 1/6	10% stilling Aktivitør		
Tiltak born/unge		60% stilling helsesøster	40% still. helsesøster		
Sum beløp	3.110	3.544	4.077	Som -08 +løns- og prisauke	Som -09 +løns- og prisauke
Øyremarka tilskot, jf opptrappingsplan	3.110	3.544	4.077		
Sum årsverk	4,70	6,30	6,80	6,80	6,80
Årsverk finansiert ved øyremarka tilskot	4,70	6,30	6,80	6,80	6,80

15. Tiltak

Alle tiltak blir fullt ut finansiert frå opptrappingsmidlane.

2007:


- a) Det blir oppretta 60% stilling for helsesøster (helsestasjonen) med vekt på førebyggjande psykososialt arbeid blant barn/unge. Ein har hatt ei helse-søster i slik stilling i engasjement siste halvår-06. Stillinga vert fast.
- b) Det er i budsjett 2007 udisponert kr 243.000,-. Det blir oppretta 100% stilling som miljøarbeidar frå 1.06.07, kostnad kr 180.000,-. Vedkomande skal arbeide med å aktivisere brukarar både på "Huset" og i psykiatri-bustadane frå juni-07. Det er ønskje om å tilsette ein mann då alle andre tilsette er kvinner og det er eit opplevd behov for begge kjønn. Kr 60.000,- blir nytta til stimuleringstiltak for brukarar til fritidsaktivitetar, musikktilbod, besøk på konsertar/teater, turar mv.

2008:


- a) Fullfinansiering av heil stilling for miljøarbeidar, kr 130.000,-.
- b) Auke i stillingsstorleik for aktivitør med 10%, kr 40.000,-.
- c) Oppretting av 40% stilling for helsesøster på helsestasjonen med vekt på psykiske lidingar hos barn, kr 175.000,-.
- d) Frie midlar kr 64.000,- til disponering for treningskontaktar, auke i bruk av støttekontaktar mm.

Ein føreset at nyttilsette får høve til å auke formell kompetanse innan psykisk helse. Slikt tilbod vil venteleg bli etablert for helsesøstrer i 2007.

Politisk organisasjonsmodell



Innbyggjarar og tenestemottakarar



Administrativ organisasjonsmodell

Gul = Tenesteeiningar. Desse yter primært tenester til innbyggjarane i kommunen.
Grøn = Stabseiningar. Desse bistår rådmannen i hans arbeid, dels utad, dels i høve tenesteeiningane og dels i høve kommunen sine politiske organ.

Rådmannen har - på stabsnivået - peika ut "kontaktpersonar" for samtlige tenesteeiningar.

1) Kommunen har 10 skular og alle rektorane rapporterer til rådmannen (kontaktperson). Skulane er: **Bolstad skule, Dale skule, Fortun skule, Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskul Jostedal skule, Livdtun skule, Luster ungdomsskule, Solvorn skule, Veitstrond skule.**

2) Kommunen har 9 barnehagar og alle styrarane rapporterer til rådmannen (kontaktperson). Barnehagane er: **Bolstad barnehage, Gamlestova barnehage, Gaupne barnehage, Grandmo barnehage, Hafslo barnehage, Indre Hafslo barnehage, Jostedal barnehage, Luster barnehage, Solvorn barnehage.**